

---

**Fra:** Ture Andersen <ture.andersen2@bkkfiber.no>  
**Sendt:** 14. desember 2018 15:55  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** Avtale - bygging av nytt VA-anlegg Holme - Tveit

Meland kommune  
Teknisk etat  
5918 Frekhaug

#### BYGGING AV NYTT VA-ANLEGG HOLME - TVEIT

Underskrivne eigar av gnr.10 , bnr 6 Holme i Meland syner til forslag til avtale tilsendt frå Meland kommune elektronisk i dag. Eg godtek hermed denne avtalen slik den er formulert , men vil samstundes gjera merksam på følgjande : Dette området av min eigedom er avsett til forretningsføremål på arealplanen til Meland kommune - dette vart initiert av kommunen utan at eg var informert om saka i det heile. Eg har vore i kontakt med takstfirma i Bergen ; og dei opplyser at kvadratmeter-prisen for eit slikt forretningsområde ligg på kring 1000,- kroner. Når gang-og sykkelvegen skal byggjast i same traseen som kommunens VA-anlegg ligg , vil eg krevja kr. 1000.- pr. kvadratmeter av vegbyggjar for det arealet av min eigedom dei overtek.

Med helsing

Ture Andersen